



Faukstad og Bjørkum gleder mange

**Denne veka opplever 3 institusjonar i Kvinnherad eit friskt musikalsk pust frå Gudbrandsdalen. Landets einaste trekkspel-professor Jon Faukstad og fiolinist Per Sæmund Bjørkum får opp stemningen med ein halvtimelang konsert og i føremiddag var det Rosendalltunet sin tur.**

- Ei stor oppleving, sa kultursjef og trekkspel-entusiast Kristian Bringedal etterpå.  
 - Kjekt å spela for folk som set pris på det, sa trekkspelprofessoren til uskedalen.no.  
 Han imponerte som han plar gjera stort saman med Bjørkum, men så har da dei to også spela saman i 20 år og ligg i den nasjonale toppklassa med omsyn til harmonisk sampel og speglede.

Mest imponerte dei med det siste nummeret, som var ein både sprelsk og vakker suite sett saman av bryllupsleikar frå Gudbrandsdalen. Elles opna dei ikkje overraskande med ein bryllupsmarsj og så kom ein vals og ein polka. To Taube-viser utløyste sang-gleda og to slåttar med 'Bjørnson-bakgrunn' var nye for mange.

Faukstad boltra seg i vesentleg grad på sitt akkordeon der berre bass-repertoaret skil instrumentet frå trekkspelet. Men han var, til glede for mange trekkspelnostalgikarar også innoom einradaren som han trakterte på suveren vis. Vi såg at det kribla i fingrane til trekkspel-entusiastar i lokalet!

Konklusjonen blir at 67-åringen Faukstad held koken og at hans samarbeid med Bjørkum gleder mange - gjennom Den kulturelle spaserstokken.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Det var også fleire uskedelingar på konserten - her sit Kåre Guddal ytterst.